

Velkommen til SFO på Skei Skule



Skulefritidsordninga (SFO) er eit fritidstilbod før og etter skuletid for elevar i 1.-4. klasse, og for elevar med særskilde behov i 5.-7. klasse.

Alle som ynskjer plass på SFO, må søkje elektronisk.
Søknadsfristen til SFO for neste skuleår er 1. april.



Om SFO ved Skei skule

Ved SFO på Skei skule ynskjer vi å sette leik og fysisk aktivitet i fokus, og gje borna positive opplevingar kvar dag. På SFO vil borna møte tydelege, positive og engasjerte vaksne. Vi ynskjer å lære borna å ta omsyn til kvarandre og gje dei høve til medverknad i fellesskapet.

Litt om innhaldet i SFO-kvardagen

SFO er borna si fritid, og vi ynskjer at det skal prege SFO-dagen deira. Borna har høve til å vere med på ulike aktivitetar når dei er på SFO, både styrte aktivitetar og frileik. Vi på SFO er opptekne av fysisk fostring, og ynskjer å vere mykje ute. Her lærer vi med, og av naturen gjennom dei ulike årstidene.

Inne har borna tilgang på leiker og ulikt formingsmateriell slik at dei kan bruke dei kreative sidene deira. Styrte formingsoppgåver vil i periodar fylgje temaplan, merkedagar og høgtider.



Kvar finn eg informasjon om SFO?

Du kan finne informasjon om SFO ved Skei skule på heimesida til skulen: skei.skule.no. Elektronisk søknadsskjema og informasjon om opptak og prisar er felles i Sunnfjord kommune. Du finn dette på heimesida til kommunen: sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo

Ferie-SFO

Samordna tilbod om ferie-SFO er lagt til Vassenden skule i haustferien, vinterferien, påskeferien og delar av juleferien. I sommarferien har vi ope sommar-SFO på Skei skule to veker etter skuleslutt og to veker før skulestart. Dei som skal til i 1. klasse har ikkje høve til å nytte ferie-SFO før skulestart. Du kan søke om plass i feriane sjølv om du ikkje har fast SFO-plass. Skulen sender ut informasjon og tilbod om ferie-SFO om lag fire veker i forkant av feriane.

Opningstider på SFO skuleåret 2024-2025

Kvar SFO-dag er delt inn i fire faste økter – to før skuledagen startar og to etter at skuledagen er slutt. På måndag og onsdag har SFO i tillegg ope frå skulen sluttar for 1.-4. klasse, fram til klokka 14.30.

Klokka	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
07.00-08.00	Morgon 1	Morgon 1	Morgon 1	Morgon 1	Morgon 1
08.00-09.00	Morgon 2	Morgon 2	Morgon 2	Morgon 2	Morgon 2
09.00 - 12.00					
12.00-12.45	Skuletid måndag (12.00-14.30)		Skuletid onsdag (12.45-14.30)		
12.45-14.30					
14.30-15.30	Ettermiddag 1	Ettermiddag 1	Ettermiddag 1	Ettermiddag 1	Ettermiddag 1
15.30-16.30	Ettermiddag 2	Ettermiddag 2	Ettermiddag 2	Ettermiddag 2	Ettermiddag 2

Ved påmelding og betaling har du ikkje høve til å dele opp øktene – sjå døme på dette under. Innanfor dei øktene du betaler for, kan du hente og levere når det passar deg. Dette avtaler du direkte med SFO.

Døme 1: De melder dykk på dei to øktene i skuletida måndag og onsdag = 4,25 timar. De ynskjer i tillegg ettermiddag 14.30-15.30 måndag-fredag = 5 timar. *Til saman vert dette 9,25 timar. De må då søkje om D-tilbod (inntil 12 timar per veke).*

Døme 2: De melder dykk på dei to øktene i skuletida måndag og onsdag = 4,25 timar. De ynskjer i tillegg ettermiddag 14.30-16.00 måndag-fredag = 10 timar (ikkje 7,5 timar). Sjølv om de hentar klokka 16.00, betaler de likevel for heile økta 15.30-16.30. *Til saman vert dette 14,25 timar. De må då søkje om C-tilbod (inntil 20 timar per veke).*

Du finn oversyn over tilbod og prisar på heimesida til Sunnfjord kommune.

Med vennleg helsing,

SFO-leiar (dagleg drift)

Inger Elin Egge

577 26 455

inger.elin.hammersestet@sunnfjord.kommune.no

SFO-leiar (administrativt)

Maria Sture

577 26 443

maria.kristine.sture@sunnfjord.kommune.no